Statens vegvesen

SOGN OG FJORDANE FYLKESKOMMUNE
Askedalen 2
6863 LEIKANGER

Behandlande eining:	Sakshandsamar/telefon:	Vår referanse:	Dykkar referanse:	Vår dato:
Region vest	Eli Marita Vik Næss / 57655744	17/55612-57		30.10.2019

Skredsikring fv. 5730 Åstranda i Gloppen kommune

I budsjett 2019/økonomiplanen for 2019-2022 fekk fv. 5730 Åstranda tildelt midlar til skredsikring. Prosjektet har 25 mill.kr til disposisjon i år.

Under arbeid med bygging av vollar og skredsikring i Åstranda har vi kome på uforutsett mykje lausmassar. Det førte til at vi har utført supplerande grunnboringar, og resultatet er ikkje bra. I eit borhol er det 30 m til fjell, utslag på leire/siltig leire. Det blir gjort meir undersøkingar og analysar for å avdekke om det er kvikkleire, samstundes vert det vurdert kva stabilitet området har. På delar av området er det foreløpig tilrådd å ikkje arbeide med masseforflytting eller anna arbeid. Situasjonen vert no kartlagt i detalj og vidare analysert. I øvre del av anleggsområde er det ikkje funne leire og difor vurdert til at det kan arbeidast her.

Arbeida med sjølve oppbygging av rasvollane er stansa sidan vi må bruke litt tid på å finne ut om anlegget kan byggast som prosjektert. Nokon av entreprenøren sine folk og maskiner er allereie reist frå anlegget.

Det er viktig no at geoteknikarane får naudsynt tid til å gjere dei undersøkingane som trengs. Deretter må det avgjerast om skredsikringsanlegget kan byggast som planlagt eller om skredsikringsanlegget må utformast på ein anna måte.

Vi vil no sikre og stenge ned anlegget for vinteren. Det har heile tida vore vurdert som ikkje tilrådeleg å arbeide på denne staden på vinteren.

Prosjektet har sendt ut ei pressemelding om dette.

Postadresse
Statens vegvesen
Region vest
Postboks 43
6861 LEIKANGER

Telefon: 22 07 30 00

firmapost-vest@vegvesen.no

Org.nr: 971032081

Kontoradresse
Askedalen 4
6863 LEIKANGER

Fakturaadresse
Statens vegvesen
Regnskap
Postboks 702
9815 Vadsø

Vi er komen i ein særs uheldig situasjon, og i ettertid er det openbart at vi skulle gjort meir grunnundersøkingar i prosjekteringa. Men vi er der vi er no, og vi må løyse det på best mogeleg måte.

Vegavdeling Sogn og Fjordane
Med helsing

Svenn Egil Finden
avdelingsdirektør

Eli Marita Vik Næss
seniorrådgjevar

Dokumentet er godkjent elektronisk og har difor ingen handskrivne signaturar.